







## Referat frå styremøte

<b>Stad:</b>	Rådhuset i Øygarden kommune
<b>Dato:</b>	27.11.2017
<b>Tid:</b>	12 -15.00
<b>Desse møtte:</b>	Børge Haugetun (møteleiar), Marianne Sandahl Bjorøy, Kari- Anne Landro, Steinar Nesse og Rune Lid.  Informasjonsrådgjevar Vignleik Brekke og Inger Elin Hetlevik (møtesekretær).
<b>Andre:</b>	Vara fylkesordførar Pål Kårbø, Fylkesdirektør regional utvikling Bård Sandal, Fylkesdirektør opplærings avd. Svein Leidulf Heggheim, leiar for seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse Kathrin Jakobsen, rektor Sotra vgs. Magnhild Hakestad, prosjektleiar i «varnyekommune» Paul Manger, Tone-Merethe Aasen, SINTEF, Sigmund Kvernes, Gode Sirklar, Tom Georg Indrevik, styreleiar Gode Sirklar, skulesjef i Fjell Wilhelm Anglevik, kommunalsjef i Øygarden Rune Landro og leiar helse/omsorg i Øygarden Åse Vik.
<b>Forfall:</b>	Siri F. Pettersen

Nr	Sak	Konklusjonar/ansvar oppfølging
19/17	Godkjenning av innkallinga og referat frå sist møte	Merknad til innkallinga: Sakframlegget i sak vedrørende Framtidas kunnskapsklynge var ikkje lagt med innkallinga. Dette vart delt ut på møtet.
20/17	Framtidas kunnskapsklynge i nye Øygarden kommune   171.127 Utdanning og næring forenkla	<p>Fylkeskommunen og representantar frå Gode Sirklar var inviterte til dialog kring «Framtidas kunnskapsklynge i nye Øygarden kommune». Regionrådsleiar Børge Haugetun understreka at det er Fylkeskommunen som har ansvar for vidaregåande skular og meiner at fylket må vere kopla på også gjennom dette prosjektet. Tanken bak prosjektet er at Straume skal verta eit attraktivt regionsenter som trekkjer til seg ungdom som vil utdanne seg. Det skal arbeidast med å få etablert ein ny vidaregåande skule i kombinasjon med høgskuleutdanning til erstatning for noverande skule på Bildøy.</p> <p>Prosjekteiar Tone Merethe Aasen (SINTEF) presenterte prosjektet før regionrådet behandla saka.</p> <p>Det var særlege tre områder som Aasen viste at det vert arbeidd med. Det er utdanningsløpet i samhandling mellom alle utdanningsnivåa, relevant etter- og vidareutdanning og ein attraktiv vidaregåande skule.</p> <p>Prosjektleiaren gav og ei oversikt over prosjektorganiseringa. Det er Regionrådet Vest som er prosjekteigar. Sigmund Kvernes er prosjektansvarleg. Styringsgruppa er samansett av regionleiar i opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune Sissel Øverdal, kommunalsjefane Jon Erik Egeland (Sund) og Rune Landro (Øygarden) og skulesjef i Fjell Wilhelm Anglevik.</p> <p>Det vert og sett ned ei prosjekt gruppe og ressursgruppe Det vert teke sikte på å starte opp prosjektet i jan/februar 2018 og fullføre det i mai/juni 2019. Det er eit krevjande prosjekt med store arbeidsmøter med mange ressurspersonar</p>

		<p>som skal arbeide med ulike tema.</p> <p>Fylkesdirektør for opplæringsavdelinga Svein L. Heggheim seier at dette er eit spanande men utfordrande prosjekt, og at det er ein unik moglegheit til å bygge eit kunnskapscenter i framtida.</p> <p>Fylkesvaraordførar Pål Kårbø understreka at fylkeskommunen er positiv til prosjektet, men minna om at ein bør styra unna å la dette prosjektet hamne på «sida av» prosessen med å realisere ein ny vidaregåande skule i Straume området. I fylkeskommunen sine planar er ny vidaregåande skule i Straume området rekna å vere klar til bruk i 2024/2025.</p> <p>Prosjektet har ei ramme på om lag 5,8 millionar kroner (inklusive 2017), og er tenkt realisert som eit spleiselag. Ein søker om midlar til samfunnsutvikling utlyst av fylkeskommunen, det er bidrag frå kommunane og eigeninnsats som er tenkt som finansieringskjelder. Det kan og vere aktuelt å søkja om Erasmus+ midlar i regi av EU og midlar frå SIU (Senter for internasjonalisering av utdanning)</p> <p><b>Konklusjon:</b> Prosjektet «Framtidas kunnskapsklynge i Nye Øygarden kommune» skal vidareførast.</p> <p>Fjell kommune lagar eit notat som skisserer aktuelle lokaliseringar av ein ny vidaregåande skule i Straume området. Dette skal vere klart til møte i regionrådet i februar 2018.</p> <p>Det vert sendt inn søknad om midlar frå Fylkeskommunen (Midlar til samfunnsutvikling) til prosjektet med søknadsfrist 1. desember.</p>
21/17	<p>Orienteringssak om muligheitsstudie for sjømatnæringa i Region Vest fram til 2030</p>  <p>Framlegg om Mulighetstudie for Sjø</p>	<p>Dagleg leiar i Gode sirkar, Sigmund Kvernes, presenterte eit forslag til moglegheitsstudie om sjømatnæringa. Formålet med dette er å få fram eit kunnskaps- og faktabasert grunnlag for moglegheiter og utfordringar for sjømatnæringa og spesielt havbruksnæringa i regionen vår.</p> <p>Mattilsynet har presentert eit oversyn som viser at vårt område er i raud sone når det gjeld omfanget av registrert lakselus. Raud sone/kategori inneber at det er registrert selskap/er som har mange tilfelle av rapporteringar med meir enn 0,5 kjønnsmodne hovudlus per fisk Dette er noko av bakgrunnen for å gjennomføre moglegheitsstudien.</p> <p>Gode sirkar jobbar med havromsnæring og sjømatnæring. Dette er ei sentral næring i vår region. Korleis komme oss ut av raud sone? Det er utfordrande for heile Hordaland, så om ein arbeidar med dette i vår region, kan det være aktuelt for heile Hordaland. Ein tenkjer at alle kunnskapsmiljø må forplikte seg til å delta og følgje opp vidare arbeid.</p> <p>Sigmund Kvernes meiner Hordaland har sterke utdannings- og forskingsmiljø innan marine fagområde som bidrar, og vil bidra enno meir, til rekruttering, innovasjon og næringsutvikling innan sjømatnæringa.</p> <p>Ein tenkjer seg eit nøkternt budsjett, då ein vil bygge på dei dokumenta som finns. Det skal vere bra, truverdig og faktabasert. Ein vil og utfordre fleire fagmiljø til å gjennomføre studiet- for eksempel havforskningsinstituttet.</p> <p><b>Konklusjon:</b></p> <p>Regionrådet var positive til at det vert arbeidd vidare med moglegheitsstudiet og at ein kjem tilbake med eit prosjektforslag. Studiet kan eventuelt gjerast i samråd med fylkeskommunen.</p> <p>Vedlagt ligg den godkjente møteplanen</p>
22/17	Rehabilitering Først	<p>Assisterande rådmann og kommunalsjef for helse og omsorg i Øygarden kommune, Åse Vik, orienterte om prosjektet «Rehabilitering først». Dette er eit fellesprosjekt for dei tre kommunane i regionen. Helse Bergen har og vore ein bidragsyter/støtte i prosjektet. Bakgrunnen for prosjektet var</p>

	 Presentasjon Rehabilitering 27.11.	samhandlingsreforma og etterfølgjande planer. Ein må tenkje nytt då dagens tenestetilbod ikkje er berekraftig. I mandatet for prosjektet står det at prosjektet skal vere innovativt, utviklingsorientert og nyskapande sett i lys av ny kunnskap, framtidige behov, demografi, strukturell og økonomisk utvikling. Det vert og stilt spørsmål om på kva måte og korleis tilbod om døgnrehabilitering, dagrehabilitering og frisklivsarbeid kan utviklast i lys av sentrale og lokale føringar i det lokalmedisinske senteret på Straume. Prosjektet er finansiert med søkte prosjektmidlar og eigen arbeidskraft frå kommunane. Rehabilitering Først betyr at det alltid skal leggest vekt på kva som er viktig for den enkelte, sjå kva som skal til for at vedkommande sjølv kan ta vare på eiga helse. Det meste av rehabiliteringa skal skje i kommunane. I det lokal medisinske senteret på Straume vert det lagt til rette for rehabilitering i form av 10 dag plasser, 10 døgnplasser og frisklvs- og meistringssenter.
23/17	Møteplan 2018  Møteplan 2018.docx	Frå 01.01.2018 overtek Sund kommune ved ordførar Kari-Anne Landro sekretariatet og leiarvervet i Regionrådet Vest. Møteplan for 2018 vart lagt fram. <b>Konklusjon:</b> Regionrådet godkjende forslaget til møteplan med ei endring. Møtet i februar vert flytta får den 26. til 19.februar. Vedlagt ligg godkjent møteplan
24/17	Ymse	Ingen saker